

Helge Dragøy
Jørn Myking
Johan Myking

Sætrevegen , 5936 Manger
L. P Wettres vei 32, 1392 Vettre
Haugvegen 20, 5914 Isdalstø

21.11.2017

Til
Radøy kommune
Teknisk drift

Vassleidning til Listveiten og krav frå grunneigarar på Myking

Dykkar referanse 16/1889 – 17/10207

Me viser til sak om prosjektert vassleidning til Listveiten gjennom Mykingsvatnet, jf. brev frå Radøy kommune med kart og skjema for heimelshavarfråsegn, datert 21.08.17, og nabovarsel tilsendt rekommandert frå Asplan Viak med kart, datert 7.09.17.

Me viser òg til ymse kommunikasjon på e-post og SMS frå oss underskrivne og til kommunen, med ymse svar frå kommunen, jf. nedanfor.

Me har siste veka vorte klar over at kommunen har hatt møte med oppsitjarane på Listveiten. Oppsitjarane skal ha vorte informerte om at prosjektet med vassleidningen har stansa opp på grunn av to grunneigarar som ikkje har skrive under heimelshavarfråsegna.

Det rette talet er tre – oss tre grunneigarar på Myking som er avsendarar av dette brevet – og me vil her gjera greie for ein del kommentarar og spørsmål som kan forklara kvifor me enno ikkje har skrive under fråsegna. Det vil særleg gå fram at me fram til no ikkje har opplevd at kommunen har svara tilfredsstillande på desse spørsmåla våre når me har lagt dei fram.

I tre e-postar – 30.9. , 3.9. og 11.9. – har me uttrykt ønske/krav om at brevet om heimelshavarfråsegn burde sendast ut på ny med oppdatert og korrigert informasjon, likt til alle oppsitjarane. Kommunen har informert oss om at alle oppsitjarane har fått likelydande brev, jf. e-post frå Einar Færø 4.9.:

Til opplysning så har alle grunneigarane på begge sider av vatnet no fått likelydande brev. Brev til alle partar vart sendt ut etter at Helge Dragøy gjorde oss merksame på at vatnet var felles.

Men nokon ny versjon har ikkje nådd fram til oss, og det må vera derfor denne prosessen har hengt seg opp. Det er ikkje svara tilfredsstillande på krava om oppdaterte kart og dokument med namn, heller ikkje på oversyn over alle som har fått skjema og nabovarsel. No får me likevel, for å komma vidare, godta at kommunen likevel i ymse e-postar har svara på fleire av spørsmåla me har stilt, og i tillegg sendt ut brev til dei oppsitjarane som i første omgang ikkje var omfatta av skrivet frå 21.08.17.

Her gjev me ei oppsummering av dei viktigaste momenta i saka og ber om tilbagemelding på dei.

Me kan seia oss n gde med svara p  dei f lgjande punkta:

- a) Den kommunale kummen som leidningen skal f rast fr , ligg p  gnr/bnr 34/9 Grindheim, ikkje p  gnr 35 Myking.
- b) Kommunal eller privat leidning – dette er ein kommunal leidning.
- c) Vidaref ring til B  – ikkje planlagd, men kan eventuelt gjerast seinare.
- d) Merking og koordinatfesting – ok if lgje kart fr  Asplan Viak.

Me etterlyser konkrete svar p  f lgjande tre punkt:

- e) Kostnader og ansvar ved vedlikehald er kommunen sitt ansvar, i og med at leidningen er kommunal (jf. pkt. a ovanfor). Dette gjeld  g eventuelle kostnader for oppsitjarane p  Myking som er valda av den kommunale leidningen eller arbeid med den.
- f) Leidningen skal ikkje berre leggjast djupast mogeleg, slik Asplan Viak seier, men p  god avstand fr  eksisterande leidningar p  Myking slik at ein unng r kryssing.
- g) Avtale med fiskelaget, jf. innspel fr  Helge Drag y 23.9.17: Eigar av vassleidningen har det  konomiske ansvaret dersom den skapar framtidige  konomiske utgifter for fiskeforvaltninga i Mykingsvatnet.

Me vil til slutt streka under at me unner naboane p  Listveiten kommunalt vatn og ikkje kjenner oss vel til mote dersom me skal framstillast som ei bremse p  dette prosjektet. S  snart me har f tt tilfredsstillande svar p  dei momenta me har lagt fram, f rst og fremst pkt e, f og g, skal me gjera v rt beste for   bidra til at prosjektet g r vidare s  sn gt som r d.

Med helsing

Helge Drag y, gnr/bnr 35/1 (s.)

J rn Myking, gnr/bnr 35/4 (s.)

Johan Myking, gnr/bnr 35/2

Johan Myking